



NÅR NOKON DØYR

**Ei rettleiing og hjelp
ved dødsfall**

Høyanger kyrkjelige fellesråd



Når nokon dør

Nokre gonger i livet kan me oppleva det vonde å mista ein eller ei av våre aller nærmaste. Då er det ikkje alltid like enkelt å vita kva me skal gjera av praktiske gjeremål.

Kva skal gjerast? Kven skal me ta kontakt med?
Kor kan me få hjelpa me treng?

Denne faldaren er meint å vera ei hjelp til deg som treng rettleiing ved dødsfall i familien. Her finn du mellom anna ei liste over nyttige telefonnummer, ei praktisk rettleiing om kva de må gjera, salmeforslag til gravferda, og nokre ord om det å vera i sorg.

Gravferd i Den norske kyrkja.

Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for gravferdsforvaltinga og gravplassane kyrkjegardane og ivaretak desse for alle trussamfunn. Ynskjer de seremoni ein annan stad enn kyrkja kan de som pårørande ordne dette sjølv. Seremonien kan gå føre seg i anna lokale i bygda. Ta kontakt med kommunen dersom dette er aktuellt.

Høyanger, jan 2021

Med venleg helsing

Høyanger kyrkjelige fellesråd

Praktisk rettleiing

Kven skal ein kontakta?

Lege. Det er han som skal stadfesta dødsfallet.
Innan to døger sender legen melding til lensmannen.

Kyrkjeverjae må kontaktast for avtale om dag og tid for gravferda. Det må også gjerast avtale om ein samtale med presten der ein førebur gravferda. Kyrkjeverje varslar presten, kyrkjetenar og organist.

Gravferdsbyrå kan kontaktast for hjelp med ulike sider av gravferda.

Lensmannen skal alltid kontaktast. Han fører protokoll over alle dødsfall og skal ha opplysningar mellom anna om slekt og nærmeste pårørande.

NAV får melding om dødsfallet frå lensmannen, men de må sjølve ta kontakt med NAV for å søke om gravferdsstønad. Søknadskjema finn de også på www.nav.no. Fristen for å søke om gravferdsstønad er seinast 6 månadar etter dødsfallet.

For personar under 18 år vert ein stor del av utgiftene dekka, medan for vaksne er stønaden behovsprøvd.

Båretransport over lengre avstandar kan gje rett til stønad.



Praktiske gjeremål

Stell av den døde

De kan gje heile ansvaret for stell til gravferdsbyrået, eller de kan få hjelp til å gjere det de ønsker sjølve.

Som pårørande vel de korleis de ynskjer å gjera dette.

Transport til bårerom

Når båra med den døde må transporterast ei strekning på over 20 kilometer, blir naudsynte utgifter til transport til kyrkjegard dekka. (Unnateke ein eigenandel til NAV)

Syning og båreandakt

Når det er ynskje om syning, går den føre seg i bårerommet eller i kyrkja. Presten kan ta del, men dei pårørande kan også låne nøkkel og ha syning på eiga hand.

Båreandakt kan ein ha i kyrkja (t.d. i tilknytning til syning), på institusjon eller i heimen.



Dødsannonse

Pårørande skriv annonse og sender til aktuelle avisar. Gravferdsbyrå kan hjelpe med dette.

Trykking av salmar

Salmehefte kan de få trykt hjå gravferdsbyrå eller trykkeri, eller ein kan lage og kopiere sjølve. Salmebok kan nyttast. Det er fint om nokon i familien, til dømes nokre av borna, deler ut salmehefter ved inngangen før gravferda.

Gravferd frå Høyanger kyrkje

Organisten må kontaktast dersom ein ynskjer preludering (speling rett før gravferda) eller har særskilde ynskje om musikk som skal framførast i gravferda.

Pynting av kyrkja, båreljos og berarar

Pårørande kan pynta i kyrkja sjølve, eller få hjelp av blomsterforretning eller gravferdsbyrå. Kyrkjetenaren kan også hjelpe til. Pyntinga startar til vanleg ca. 2 timer før gravferda tek til. Kyrkja har ljós og vasar.

Dei pårørande vel nokre som kan dela ut blomar og kransar før me går ut av kyrkja. Det må også veljast 6 personar til å bera kista.

Ute ved grava

Etter jordpåkastinga ute ved grava vert det senking av kista. To av bærarane tek bort planane kista står på, og kista vert senka ved hjelp av senkeapparat og tau.

Minnesamvær

Etter ei gravferd kan det gjera godt å samlast. Minnesamværet kan vera berre for dei nærmaste, eller vera ope for alle. Kyrkjelydssalen kan nyttast.

Om familien ynskjer det kan ein setje opp ein kross med namnet til den døde, og rydda vekk visne blomar og kransar.



Gravferdsseremoni i Høyanger kommune

Kyrkja si deltaking ved gravferd er ein viktig del av kyrkja si oppgåve. Også ved dette høvet ber kyrkja fram sitt vitnemål om Jesus Kristus som Herre over liv og død.

I kyrkja

Evt preludering
Kyrkjeklokkena slår
Preludium / tenning av båreljos
Salme til innleiing
Helsing og bøn
Minneord
Kransepålegging
Skriftlesing
Salme før talen
Tale
Bøner
Fadervår
Salme etter talen
Utdeling av kransar
Bårevvers
Utgang

Ved grava

Salme før jordfestinga
Jordpåkasting
Velsigning
Kista vert sett ned i grava
Salme etter jordfestinga
Kyrkjeklokkena slår 3x3 slag



Jordpåkasting

*Jordpåkasting skal ein ha ved grava.
Ved særlege høve kan presten avgjera
at jordpåkastinga kan vera inne i kyrkja.*

Bisetjing

Alt går føre seg som ved ei vanleg kistegravferd unntake jordpåkastinga, som vert føreteke inne i kyrkja. Ein følger kista til bårebilen, og når gravferdsfølget har tatt farvel vert kista køyrt til krematoriet. Kyrkjekontoret vil gje pårørande melding når urna kjem frå krematoriet.

Familien kan vere med når urna vert sett ned i grava. Er det ynskjeleg kan ein be presten om å ta del i ein enkel seremoni. Det kan også avtalast at kyrkjeleverja set urna ned i den grava familien ynskjer.

Salmeforslag

Her følgjer eit utvalg salmar frå salmeboka. Vel gjerne salmar de kjenner eller er glad i. Salmane kan seie noko om livet, dei treng ikkje handla om døden. I ei vanleg gravferd er det tre salmar og bårevers inne. I tillegg ein salme som vert sungen før og etter jordpåkastinga ute.

Til inngang og utgang speler organisten. Om de vil kan de sjølve velge kva songar det skal vere. Dette treng ikkje vere salmar.

Alltid freidig når du går	415
Blott en dag, ett øgonblick	489
Dagsens auga sluknar ut	822
Deg være ære	197
Deg å få skode er sæla å nå	482
Deilig er jorden	48
Den store, kvite flokk å sjå	267
Djupe, stille, sterke, milde	570
Eg er ein gjest i verda	889
Eg veit i himmerik ei borg	882
Ein fin liten blome i skogen eg ser	492
Fager kveldsol smiler	817
Herre, eg inderleg ynskjer	665
I himmelen, i himmelen	883
Ingen er så trygg på ferda	488
Jeg er i Herrens hender	494
Kjærighet er lysets kilde	233
Lei, milde ljós	858
Ljós over grav	198
Med Jesus vil eg fara	419
Milde Jesus, dine hender	582
Navnet Jesus blekner aldri	86
Ned i vester soli glader	823
No soli bakom blåe fjell	821
Nærmere deg, min Gud	471
Når mitt øye, trett av møye	884
Se, solens skjønne lys og prakt	812
Sørg for meg, min Fader du	310
Så tak då mine hender	414
Velt all din veg og vande	464
Vår Gud han er så fast ei borg	108
Å, tenk når ein gong samlast skal	684
Å, ver hjå meg	818



KYRKJEGARDEN

Gravstad

Ny grav

Alle som bur i kommunen har rett til fri grav når dei dør. Nokon vel ny grav, men det kan vere fleire alternativ.

Bruk av familiegrav

Etter 30 år kan ei grav nyttast til ny gravlegging. Det kan vere greit å tenke gjennom om ein ønskjer å nytte opp att ei familiegrav. Sletting av grav gjeld alltid frå sist gravlagd. Slik kan ein behalde ein familiegravstad gjennom generasjoner.

Feste av grav

Alle graver skal ha ein som er ansvarleg for grava, ein festar. Ved bruk av ny grav kan ein festa (reservera) ei grav ved sida av. Desse to gravene utgjer då ein gravstad. Reservering av grav kan kun skje i forbindelse med gravferda. Den første grava som blir teken i bruk i ein gravstad er fri grav. Det skal ikkje betalast festeavgift for denne i fredningsperioden som er 30 år. Den reserverte grava ved sida av må ein betale festeavgift for fortløpande, også etter den er tatt i bruk.

Gravminne

Etter 6 månader kan det setjast opp gravminne på grava. (sjå elles §3 i vedtekter for kyrkjegardane i Høyanger)

Bruk av eldre gravminne

Eldre gravminne er ofte unike og av svært god kvalitet. Det er mogeleg å nytte opp att gravminne som har vore i familien si eige, og soknerådet oppfordrar folk til å vurdere dette ved ny gravlegging. Framsida kan slipast ned og nye namn setjast inn eller ein kan la dei gamle namna stå og føye til nye. Ein kan også snu steinen og lage ny framside for nye navn. Slik kan same Stein vise fleire generasjonar som er gravlagd i grava.

Gravstell

Dette er ei ordning for pårørande som ønsker at grava skal bli stelt, men som ikkje har høve til å syte for det sjølve:

Det kan inngåast eittårig gravstellavtale. Ved eittårig avtale blir det sendt ut faktura kvart år i februar. Stellet skal betalast på førehand.

Ved fleirårig avtale, anbefaler vi at det blir innbetalt eit beløp til eit fond som festar har ansvar for sjølv. Grava blir stelt så lenge det er pengar igjen på fondet til å dekke dei årlege utgiftene. Avtalen gjeld til han blir sagt opp, men ikkje lenger enn gravstaden er festa eller freda.

Viss du ønsker å bestille stellavtale kan dette gjerast ved å kontakte kyrkjekontoret på e-post. Stellavtale blir sendt til underskrift til den ansvarlege og returnert oss. Kvar gang gravstellet er utført, vill den ansvarlege få stadfesting på e-post, gjennom eit bilde som er tatt av gartnar.

Frist for å komme med på årets gravstell er 1. mars. Det betyr at betalinga må vere gjennomført innan 1. mars.

Ta kontakt med kyrkjekontoret om dette er aktuelt.

Sjå elles §8 i vedtekten for kyrkjegardane i Høyanger.

Sorg og sorgreaksjonar

Sorg er ein naturleg reaksjon på tap, og kan vera både vondt og vanskeleg. Sorg tek tid og krefter. Ein gløymer ikkje, men over tid vil ikkje sorga vere ein like stor del av kvardagen.

Barn kan sørja annleis enn vaksne. Men fleire, viser til at det er viktig å vera open med barnet og fortelja kva som har hendt, og kva som skal skje fram mot gravferda. Barnet har gjerne behov for støtte og å verta høyrd på. Når den første tida er over er det fint for barnet om familielivet kan vera så vanleg som mogeleg.

Det er gjeve ut bøker om sorg både for vaksne og barn. Det er òg nettsider som kan vera til hjelp.

I tillegg til støtte frå prest i samband med gravferda, kan helsestasjon og psykiske tenester tilby støtte og oppfølgingssamtalar.



Telefonliste

Kyrkja i Høyanger

Høyanger kyrkjekontor	577 14 100
Sokneprest, Andreas Ester	45 22 17 37
Vikar prest, Geir Sørebø	99 39 84 97
Kyrkjeverje Bjørnar Otterstein	91 76 38 03
Sekretær, Katarina Vattekar	40 45 86 49
Kantor, Gerda Otterstein	94 18 67 09
Kyrkjelydsmedarbeiter, Toril Lange	92 24 09 66
Kyrkjetenar Høyanger, Heike Peggy Muller	99 39 84 97
Kyrkjetenar Kyrkjebø, Irene Aase Aarseth	97 01 29 77

Lege- og omsorgstenesta

Høyanger legekontor	57 71 39 00
Legevakt utanom kontortid	116 117
Høyanger sjukeheim	57 71 16 38
Kyrkjebø sjukeheim	57 70 74 00
Lavik helsecenter	57 71 44 92
Sørsida bygdetun	57 71 02 40
Krisetelefon, Kirkens SOS (døgnope)	22 40 00 40

NAV Høyanger

55 55 33 33

Høyanger Lensmannskontor

57 71 45 70

Dødsannonse

Firda	32 27 70 32
Ytre Sogn	57 71 45 90

Gravferdsbyrå / blomar

Høyanger Gravferdsbyrå AS	95 98 60 07
Sogn gravferdshjelp	59 68 14 77
Sunnfjord Gravferdsbyrå	97 52 15 69
Fjordane begravelsesbyrå AS	57 82 70 30

Desse gravferdsbyråa er nemnt fordi dei er i nærleiken av Høyanger.

De står sjølv sagt fritt til å velge andre dersom de ønskjer det.

A photograph of a snowy forest at sunset or sunrise. The scene is filled with tall evergreen trees, their branches heavily laden with snow. Sunlight filters through the branches, creating a warm, golden glow that contrasts with the cool blue tones of the surrounding snow and shadows. The ground is a thick layer of white snow, and the overall atmosphere is serene and peaceful.

Høyanger kyrkjekontor

Postboks 159

6991 Høyanger

Tlf: Tlf. 577 14 100

E-post: post.hoyanger@kyrkja.no

Informasjon om kyrkjegardane

finn du også på

<https://kirken.no/hoyanger/>